

Ole, 5 år

Ole går i barnehagen på avdelinga der du jobbar som assistent. Du og dei andre vaksne syns at Ole har endra seg i det siste. Han er meir stille, inneslutta og han trekker seg ofte vekk frå situasjonar med dei andre barna. Du har og lagt merke til at han er meir søkerande etter kontakt med dei vaksne og då særleg deg. Ein dag seier Ole noko ved frokostbordet som gjer deg uroleg. Ole seier at gulrota som han eter til frokost liknar på pappa sin tiss. Du vert uroleg, trur du har høyrd feil og ønsker at du hadde hørt feil. Du kjenner far til Ole som ein åpen kar, hyggeleg og fin å samarbeide med. Kva no?

Snakk saman:

- Kor bekymra er du for Ole og familien?
- Kva plikter tenker du er utløyst av denne bekymringa?
- Kva vil du gjere vidare?
- Vurderer du at meldeplikta til barnevernet er utløyst? Kvifor/kvifor ikkje?

Kommentar:

Det er viktig at vi vaksne veit at barn viser tegn og signal til mennesker dei er trygge på og har tillit til. Små barn kan avdekke opplevingar gjennom assosiasjon slik Ole gjer; han ser gulrota og tenkjer at det likner ein tiss. Det er oftast trygge vaksne som får dei første ledertrådane og som må utforske vidare saman med barnet for å finne ut meir om kva barnet kan ha oppplevd. For barn er det ikke viktig kva profesjon ein har, men at du er trygg og interessert. Barn treng at vi tåler å høre og klarar å ta imot det vonde, sjølv om det vekker vanskelege kjensler hjå oss.

Det er krevande å få slike opplysningar når du minst venter det. Det er naturlig at ein som vaksen kan få sterke og motstridande kjensler. Både sinne, vantru og avsky kan være naturlege kjensler i ein slik situasjon. Det er viktig å bli klar over eigne reaksjonar: registrere kva som skjer, anerkjenne eigen oppleving og prøve å roe deg sjølv slik at du kan ivareta barnet i situasjonen. Ole tåler fint at du ventar litt med å følge opp dersom du ikkje er klar, eller det ikkje passar å snakke vidare der og då.

Anbefaling:

- Snakk med leiari om din bekymring, ikkje stå alleine i vurderinga.
- Drøft bekymringa med barnevern eller konsultasjonsteam
- Få rettleiing til ein utforskande samtale med Ole, der du legg til rette for at Ole kan fortelle meir om gulrota som liknar pappa sin tiss. Det er deg Ole har sagt noko til og det er viktig å skape mest mulig trygghet for Ole i denne sårbare situasjonen der han har begynt å fortelle om "hemmeligheten". Du kan få rettleiing hjå leiari, konsultasjonsteam, barnevern eller andre fagpersonar.

- Tren på samtalen med denne avataren: SETT INN AKTUELLE AVATARER
- Gjennomfør ein utforskande samtale med Ole. Om mulig: Ha samtalen tidleg på dag, slik at du rekk å koble på andre dersom det kjem fram opplysningar som krev umiddelbar oppfølging. Du leier til tema gjennom å vise tilbake til situasjonen og bruke Ole sine eigne ord: "Eg har tenkt sånn på det du sa i går, at gulrota liknar pappa sin tiss. Det vil eg høre meir om....."

I samtalen fortel Ole etter kvart at pappas tiss liknar ei gulrot fordi tissen er hard, stor og rød. Han fortel også at pappa vil at Ole skal ta tissen i munnen og når det har skjedd gråter pappa.

Snakk saman:

- Kor bekymra er du for Ole og familien no?
- Kva plikter tenker du er utløyst av denne bekymringa?
- Kva vil du gjere vidare?
- (Vurderer du at meldeplikta til barnevernet er utløyst? Kvifor/kvifor ikkje?)

Kommentar:

Du har fått informasjon om at Ole med stor sannsynlighet er utsatt for seksuelle overgrep av sin far, og at dette er overgrep som mest sannsynlig pågår fortsatt. Som ansatt i barnehagen vurderer du at både meldeplikt til barnevernet og avvergeplikt etter straffeloven er utløyst. Det hastar å få stoppa overgrepa og gitt hjelp til Ole. Du vel difor å ringe barnevernet og planlegge kontakt med politiet i samråd med dei.